

# Til deg som har fått sydd eit sår

Er såret på armar eller bein, hald den skadde kroppsdelen høgt. Dette er særleg viktig det første døgnet.

Bandasjen skal haldast tørr og rein. Skift alltid bandasjen dersom den er våt, skitten eller gjennomtrekt av blod. Bruk sterile/reine kompressar mot såret. Sterile kompressar kan du kjøpe på apoteket.

Stinga som såret er sydd med må fjernast etter 10-14 dagar. I ansiktet skal stinga fjernast etter 5-7 dagar. Stinga kan fjernast av eigen lege, lokalt legekontor eller ved Skadepoliklinikken kvardagar mellom kl. 08.30 og 14.00.

Det er alltid fare for at det kan kome infeksjon i såret. Det vil då banke og verke meir enn tidlegare, og du kan få hevelse og bli raud rundt såret. Det kan også kome puss frå såret, og du kan få feber. Har du mistanke om infeksjon i såret, kontakt Skadepoliklinikken.